

Vil visa austlendingane Festidalen og naturen.

31.07.2015



Stian Eik og Morten Rønningen ser fram til ei stemningsfull helg.

Mellan dei eg møtte på Festicampen i dag, var utflytt uskedeling Stian Eik. Saman med kameraten Morten Rønningen var han i ferd med å rigga seg til på bobilplassen. Stian har endeleg opplevd Festidalen før, og det er verkeleg noko som trekkjer han heim over fjellet. Morten er i Uskedalen for første gong.

Stian er no busett i Mjøndalen, men han var tilbake på Festidalen også i fjor. Då budde han hos familie i Uskedalen. I år prøver han altså noko nytt. Då vil han oppleva sjarmen med å bu på festivalcampen. Saman med bubilsjåfør Morten ser han fram til å oppleva ei stemningsfull helg og god musikk i godt festivalver.

Dei fortel at dei også får lag av fleire på campen.

- Og så ser eg fram til at austlendingen skal få oppleva skikkeleg natur, med fjord, fjell, frisk luft, kjærleik og bonderomantikk, seier Stian lurt.

Stian er ikkje åleine om å venda heim att til barndomsbygda under Festidalen. Det er det mange som gjer, og det får ein dobbeleffekt. Dermed treffer også vi som bur her gamle kjende, og det er alltid kjekt. Nokre av dei som vender heim, tar også eit tak som frivilleg.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland